



Referanser:

Dykkar:
Vår: 15/1351 - 17/7370

Saksbehandlar:

Gjertrud Karevoll
gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

Dato:

19.10.2017

Svar til høyring Investeringsprogram for fylkesvegnettet

Mrk; 2017/4336

Vaksdal kommune er positiv til programmet si tydeleggjering av mål og strategiar som ligg til portefølgestyring, og vil kommentere nokre av dei programområda som gir tiltak innan Vaksdal, og nokre av dei punkta som etter vår meining manglar.

Trafikktryggleik

Vaksdal kommune er «trafikk sikker kommune», og har såleis eit godt og systematisk trafikktryggleiksarbeid, godt støtta og med viktig samarbeid med Fylkeskommunen.

Kommunen har vore i dialog med Statens vegvesen om Fv314 Kvamstotunnelen i Dale sentrum. Bakgrunnen er fleire bekymringsmeldingar om trafikkfarlege situasjonar. Tunnelen er mørk og fortauet har dårleg standard og skilje mot vegbane. Dette er skuleveg for alle borna i det store bustadfeltet «Skyttarplassen». Kommunen og Statens vegvesen har tidlegare spela dette tiltaket inn som «punktutbetring og trygg skuleveg» til fylkeskommunen, men ikkje oppnådd tilskot. Ber om at dette tiltaket vert prioritert inn i investeringsprogrammet. Sjå også vedlegg med utfyllande info.

På Småbrekke i Bergsdalen (Fv 314) vert utfordringa med parkering langs vegen stadig større etter at den bruken av den populære DnT-hytta Gullhorgabu har eksplodert. Kommunen har arbeidd med ei løysing, i samarbeid med Statens vegvesen, og treng investeringsmidlar frå fylkeskommunen slik at det vert etablert ei avkøyrsløse til parkeringsplass. Løysing er utarbeidd i samarbeid med Statens vegvesen, men manglar midlar. Sjå også vedlegg med utfyllande info.

Rassikring

Rassikringsprosjekt som er inne i planen er på Gullbrå, øvst i Eksingedalen. Dette er heilt nødvendig, og med fjorårets hendingar med mange skred og langvarig isolasjon for dei fastbuande øvst i Eksingedalen må dette gjennomførast raskt. Vaksdal er svært positiv til fylkeskommunen si prioritering.

Drift og vedlikehald

På strekningen Dalseid-Eidsland, Fv 569, er det avsett til forsterkningstiltak. Dette er heilt nødvendig, for vegen er smal, svinga og langt frå dagens krav og standard. Stabbesteinar ramlar stadig i sjøen, og behovet

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto
Org.nr. 961 821 967

for både vedlikehald og utbetring er svært stort. Særleg dei delstrekningane der det ferdast mange gåande må prioriterast svært høgt.

Denne vegstrekningen har også stor rasfare, og mykje steinnedfall. Kvar einaste veke er det mange både store og små steinar som kjem ned, og fjellrensk må prioriterast for dei mest utsette skjeringane. Kommunen mottar bekymringsmeldingar.

Dekkelegging

Frå Eksingedalen vert det no meldt om flott asfaltarbeid, og me takkar for denne viktige og heilt nødvendige oppgraderinga.

Kritisk skadde punkt

Det er begynt ei utgliding/grunnbrudd i Eikemovatnet, Fv 569. Veggen vart her lagt på ny fylling for ca 2 år sidan, og denne er på veg ut. Det er viktig å vedlikehalde med rett tiltak, før det går gale og veggen rasar ut. Me ber om at dette vert prioritert inn i investeringsprogrammet.

Tunneloppgradering

Modalstunnelen er del av den viktige omkøyringsvegen og bindeleddet mellom E16 og E39, mellom Dalseid og Romarheim. Tunnelen har lav standard, og i sommarhalvåret er det også mykje aukande sykkelaktivitet i Eksingedalen og Modalen. Det er veldig viktig at Modalstunnelen no er inne i investeringsprogrammet, og vert oppgradert.

Flaskehals

Fv 314 frå Dale til Storefossen er ein flaskehals både for trafikk og for utvikling i Bergsdalen. Tunnelen i Storefossen er for låg, og vegstandarden for dårleg for større køyretøy, som mjølkebil, dyrebil og førlevering. Veggen opp Storefossen har også låg standard, og på fleire punkt er det stadig nedfall av stein og vegetasjon. Veggen vert nytta som omkøyringsveg ved vegstengingar, og seinast denne veka vart trafikken dirigert denne veggen ved buss/vogntogulykka vpå E16 ved Evanger. Me ber Fylkeskommunen vurdere ei større oppgradering. Bergsdalen er også viktig regionalt friluftsområde, med mange hytter.

Tilleggsiltak som er nødvendig å gjennomføre i 2018:

Programområde	Stad	Merknad	Prisanslag
Trafikktryggleik	Fv 314 Kvamstotunnelen i Dale sentrum	Trygg skuleveg!! Tiltak for kvitkalking og betra skilje mellom mjuke trafikantar og køyrande.	718.000,- inkl MVA
Trafikktryggleik	Fv 314 Småbrekke i Bergsdalen	Etablere avkøyrsløse for å fjerne trafikkfarleg parkering til friluftslivområde.	475.000,- inkl MVA (etablere avkøyrsløse, kr. 31.250,-)
Rassikring	Fv 569, Dalseid-Eikemo	Fjellrensk er nødvendig i dei mest utsette skjeringane.	
Kritisk skadd	Fv 569 Eikemovatnet	Utglliding/grunnbrudd	
Flaskehals	Fv 314 Storefossen (Dale-Storefosdammen)	Oppgradering av tunnel og vegstandard nødvendig.	

Med helsing

Willy Andre Gjesdal
Einingsleiar

Gjertrud Karevoll
Kommuneplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.